



Rekneskapsrapport pr mars 2023

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
23/1499

JournalpostID:
23/27151

Saksnr:	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato:
----------------	--	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mars 2023 til orientering.

Bjørnafjorden, den 26.04.2023

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Samandrag:

Rekneskapsprognose pr mars viser at det kan bli eit meirforbruk på ca. 98,4 mill. kr i 2023. Prognosen er noko betre enn førre månad som følgje av at renteinntektene ser ut til å bli ein god del høgare enn budsjettert. Det er og litt betre prognosar for Samfunnsutvikling og Stab.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon vedr den økonomiske situasjonen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksframlegg:

OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. mars for løns-intensive einingar er ca. 27%.

Kolonne Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Prognose for 2023: Kommunen får eit trekk i rammetilskotet vedr konsesjonskraft. Beløpa blir ikkje avklarte før i revidert nasjonalbudsjett.

Kommunen sine frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter (integreringstilskot flyktningar, rentekompensasjon frå Husbanken, utdeling frå havbruksfondet).

Bjørnafjorden kommune sitt vedtatte budsjett er basert på regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Stortinget behandla før jul framlegg til statsbudsjett for 2023. Stortinget sitt vedtak inneheld justeringar som har innverknad på kommunen sitt rammetilskot og på kommunen sine tenester/oppgåver. Dei største endringane er kompensasjon (auka rammetilskot) vedr gratis kjernetid i SFO for andreklassingar, og trekk i rammetilskotet på 8,55 mill. kr vedr konsesjonskraft, ref. eiga politisk saksframlegg om dette. Kommunen må saldere budsjettet for 2023 på nytt som følgje av dette. Administrasjonen har hatt ei utfordring med å finne gode framlegg til korleis kommunen skal dekke inn trekket vedr konsesjonskraft. I brev av 08.02.2023 opplyser Kommunaldepartementet at trekket i rammetilskotet vil bli justert i framlegg til revidert nasjonalbudsjett. På bakgrunn av dette er framlegg til saldering av kommunebudsjettet utsett til etter revidert nasjonalbudsjett.

Skatteinntektene har så langt i år vist ei svak utvikling. Pr mars ser utviklinga betre ut med ein vekst på 4,1% for Bjørnafjorden kommune i forhold til året før. På landsbasis er kommunane sin samla vekst 3,8%.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Integreringstilskot for flyktningar vil auke dersom kommunen får auka mottak av flyktningar, men inntektene vil måtte brukast til å dekke sektorane sine auka utgifter i samband med mottak og integrering. Førebels er det kome inn lite midlar til integrering.

Rentekompensasjon frå Husbanken kjem først i slutten av desember, men det er ikkje venta avvik mot budsjett. Når det gjeld tildeling frå havbruksfondet er vi derimot meir usikker. I 2022 fekk kommunen tildelt 29,4 mill. kr – langt meir enn venta. Vi er usikre på om tildelinga vil legge seg på dette nivået framover eller svinge slik det har gjort tidlegare. Budsjettert beløp i 2023 er på 8 mill. kr.

FINANS

Prognose for 2023: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 23,3 mill. kr i 2023.

Finansporteføljen har pr. mars ei positiv avkastning på ca. 8,3 mill. kr. Det er ikkje budsjettert med avkastning i 2023. Renteinntekter frå bankinnskot blir ført pr. kvartal. Bokførte tal viser at renteinntektene i 1. kvartal er meir enn tre gonger høgare enn tilsvarande periode i fjor. Kommunen har fortsatt god likviditet og det auka rentenivået får såleis god effekt på tala. Vi legg førebels til grunn ein meirinntekt på ca. 15 mill. kr. Renteutgiftene ser så langt greie ut i forhold til budsjett.

FELLESOMRÅDE

Prognose for 2023: Fellesområde kan få eit negativt avvik, førebels estimert til 20,5 mill. kr, i stor grad knytt til reguleringspremie pensjon.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Erfaring frå 2022 og til dels tidlegare år viser at ein stor del av utgiftene til Folkevalde organ blir ført i desember. Basert på rekneskapstal for 2022 er det grunn til å tru at utgiftene for 2023 blir høgare enn budsjettert. Vi legg førebels til grunn eit meirforbruk på ca. kr 300.000, litt nedjustert frå førre månad. Ein ekstra faktor i 2023 er kommunevalet.

Det er knytt usikkerheit til utgiftene i samband årets lønsoppgjjer m.a. som følgje av høgare tal for prisveksten. Det er grunn til å tru at lønsoppgjjeret, og som følgje av det reguleringspremien, vil bli høgare enn det SSB og dermed pensjonsleverandørane har lagt til grunn i sine premieprognosar som kommunebudsjettet byggjer på. KLP har sendt ut melding om at reguleringspremien vil auke i forhold til deira tidlegare prognosar. Storebrand stadfestar at reguleringspremien vil auke, men ønskjer ikkje å gi ny prognose ettersom tala på dette tidspunktet vil vere usikre. Basert på informasjonen frå KLP oppjusterer vi vår prognose til ca. 20 mill. kr i auka reguleringspremie. Beløpet er usikkert, og det er risiko for at det kan bli høgare enn dette. Det er og høg risiko for at vi ikkje har sett av nok midlar til å dekke årets lønsoppgjjer. Kommunen har framleis noko fondsmidlar knytt til løns- og pensjonsauke som kan nyttast om nødvendig. Premie for yrkesskade forsikring har auka kraftig i 2023 og er vesentleg høgare enn budsjettert.

Merk at forbruksprosenten for Fellesområde kan vere litt avvikande gjennom året. Det har samanheng med at det er budsjettert med 65,7 mill. kr i bruk av premiefond i 2023. Rekneskapsføringa av premiefondet vil skje i «bolkar» ut over året etter avtale med pensjonsleverandør.

STAB

Prognose for 2023: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2023.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Stab består av Rådmannen sin stab, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT. Stab har fått eit innsparingskrav på kr 700.000 for 2023. Stab vil få innsparingar som følgje av at stillingar står ledige delar av året, og vi legg til grunn at det vil vere nok til at vi når innsparingskravet for 2023 og kjem ut i balanse.

OPPVEKST

Prognose for 2023: Oppvekst kan få eit meirforbruk på 46,3 millionar. Auke frå førre månadsrapport er knytt til endring i prognose for tilskot til private barnehagar som er ytterlegare auka med 3 millionar.

Prognosen er basert på:

- Innsparingskrav frå 2021 og 2022 som er lagt inn i budsjett og ikkje er realisert - 11,1 millionar. Dette er urealiserte nedtrekk frå 2021 og 22. Døme er ikkje definerte nedtrekk i Bjørnafjorden 22 og manglande priskompensasjon.
- Meirforbruk på 6 millionar på skuleområdet knytt til auke i utgifter til enkeltelevar med store hjelpebehov for skuleåret 2022/23 samt mogeleg overforbruk ved skulane basert på prognoser per mars. Dette vil vi arbeide får å ta ned, men vi varslar uro kring driftsnivå.
- Vidareføring av plasseringar i barnevern og at det tar noko tid å redusere kjøp av tenester frå private - 10 millionar
- På barnehageområdet samla varslar vi meirforbruk på 19,2 millionar. Blant anna nedtrekk grunna reduksjon i barnetal er ikkje mogeleg å realisere når det har vore kraftig auke i tal barnehageplassar, tilskotssatsane i private barnehagar har auka grunna høgare deflator og auka satsar for kapitaltilskot utan at dette er kompensert. (Dette er nasjonalt fastsette satsar). I tillegg kjem fleire vedtak knytt til styrkingstiltak i barnehagen (§37 i barnehageleva).

Skular:

På skuleområdet varslar vi 6 millionar i meirforbruk. Dette skuldast at det for skuleåret 2022/23 er tildelt 5 millionar meir til skulane knytt til elevar som har store hjelpebehov og dette vil følgje oss ut dette skuleåret. Elevane skal få det dei har krav på og vi har saman med rektorgruppa sett på tildelingspraksis og omfang. Frå hausten blir tildelinga justert og dette betyr at fleire skular må justere bemanninga som følgje av redusert tildeling. Ei justering frå hausten vil berre få 5/11 effekt og dette gir 3 millionar i meirforbruk for budsjettåret.

Vidare kan det sjå ut til at nokre skular ikkje driftar innanfor dei tildelte budsjetttrammene sine. Dette har blant anna samanheng med at korttidsfråværet har vore høgt dei første månadane av året. Vi håper dette stabiliserer seg utover våren, men vi melder om eit meirforbruk på 3 millionar samla sett relatert til dette.

Fleire skular slit med å sette inn nødvendige tiltak i elevgruppa. Som følgje av den stramme finansieringsmodellen i skulane er det lite rom for å hente inn andre yrkesgrupper som til dømes miljøarbeidar/sosialarbeidar. Per no er det kun dei store skulane som har noko fleksibilitet til å justere personell etter ressursbehov på dei ulike trinna. Små einingar har ikkje den moglegheita. Vi kjem tilbake med meir informasjon om dette i tertialrapport og Kvalitetsmelding.

Utgifter til skyss er ei utfordring. I 2022 brukte vi nesten 300 000 meir på skyss enn kva vi hadde budsjett til. Budsjettet er like stramt i 2023 i tillegg til at det er varsla ei betydeleg kostnadsauke frå nytt skuleår på dei kommunale vedtaka med 19,05% auke. Kva som skjer

med ordinær skuleskyss veit vi ikkje per i dag. Vi har ikkje utarbeida ny prognoser men ventar ei betydeleg prisauke. I 2022 brukte vi over 10 millionar på skyss.

Familiens hus:

I 2022 hadde barnevernstenesta eit meirforbruk på 10.2 mill. Dette var knytt til institusjonsplasseringa og kjøp av private tenester. Barnevernstenesta gjekk inn i 2023 med risiko for same overforbruk under føresetnad av at det ikkje blir nye plasseringar. Slik situasjonen er per mars har det vore 1 ny plassering i institusjon og 1 ny plassering i beredskapsheim. Vi har fleire saker for nemnda. Vi har ikkje endra prognosane, men vil med dette varsle risiko for ytterlegare auka utgifter knytt til plasseringar. Vi har i same periode 1 ungdom som har flytta ut av institusjon og 1 barn som har flytta frå beredskapsheim til fosterheim og dette kostar mindre pr. måned. Det er stram budsjettstyring og det blir arbeida for å avslutte og redusere tiltak der det er mogeleg. Vi rapporterer likevel prognose for meirforbruk på same nivå som førre måned.

Familiens hus er, som rapportert tidlegare, i ein overføringsprosess i forhold til bruk av eigne tilsette i staden for private konsulentar til samvær og rettleiing til fosterforeldre og foreldre. Dette tar noko tid å endre. Det er nyleg avslutta ein del private tiltak som vil gje reduksjon dei neste månadene på utgifter til private konsulentar.

Barn, unge og familiar drifrar i forhold til stramt budsjett. Eininga har den siste tida overført midlar til fleire barnehagar for at barnehagane skal utøve timar til spesial-pedagogisk hjelp (§31 etter barnehagelova) då det ikkje er kapasitet til å dekke alle vedtaka sjølv. Det er ei auke i §31 vedtak per i dag. Dette er ein kostnad det ikkje er sett av budsjettmidlar til.

Det er vedtatt mottak av 170 flyktingar i 2023, dette er det ikkje budsjettet for, men auka tilskot frå IMDI finansierar auka forbruk hos Flyktingtenesta.

Førebyggjande helsetenester drifrar innanfor stramt budsjett. Vi har fått bekrefta at FHT vil motta like mykje i tilskot frå Helsedirektoratet for 2023 som for 2022. Lønnsoppgjeret og kraftig auke i pensjonspremie KLP sjukepleiar-ordning gjer at eit årsverk kostar ca. 100 000 meir i 2023 enn i 2022.

Barnehagar:

Oppvekst fekk eit nedtrekk på 3 millionar knytt til demografi (jfr. Økonomisk handlefridom). Dette blei lagt på ansvar 270 då vi trudde på nedgang i barnetal frå 2022 til 2023 slik som det var frå 2021 til 2022. Frå januar 2022 til januar 2023 har vi derimot hatt ei auke på totalt 68 plassar, 50 i private barnehagar og 17,53 i kommunale barnehagar så det er urealistisk å nå dette nedtrekket. Vi har per mars god oversikt etter årets hovudopptak, men det kan kome meiroptak fram mot 1. august.

Kommunale barnehagar:

- Alle dei kommunale barnehagane er tildelt budsjett i forhold til tal barnehageplassar og gjeldande finansieringsmodell. Dei drifrar alle innanfor tildelt budsjett.
- Samla var det ein auke på 11 små barn (22 plasser) og ein reduksjon på 4,47 store barn (4,47 plasser) - netto auke på 17,53 - tilnærma 18 plassar. I forhold til bemanningsnorm utløyser 18 plasser 3 årsverk, men vi klarar ikkje alltid å fordele barna heilt ideelt mellom barnehagane. Os barnehage tok i mot alle som ønskte det frå Flåten sjølv om det ikkje gjekk heilt opp i forhold til bemanning. Det har difor vore ei auke av grunnbemanning i kommunale barnehagar frå januar 2022 til januar 2023 med 3,79 årsverk.
- Tal barn i barnehage vil gå ned frå august 2023 og bemanninga vil bli redusert: Førebelse tal visar at reduksjonen frå august 2023 på totalt 16 små og 10 store barn

og vi vil redusere bemanninga i fleire kommunale barnehagar. Tal plassar i kommunale barnehagar er likevel høgare hausten 2023 enn hausten 2022 (+ 3 små og 1 stort barn). I tillegg kan det komme nye barn heilt fram til august 2023. I dei minste barnehagane kan ikkje bemanning reduserast i samsvar med reduksjon i barnetal og sjølv om Holdhus vil gå ned frå 14 til 11 plassar vil det nok framleis vere bemanning for 18 plassar (3 tilsette). Reduksjon i tal barn og tilsette frå august 2023 er inkludert i prognosen, og vi vil med dette klare ein del av nedtrekket knytt til demografi på 3 millionar og meirforbruket isolert vil være 1,6 millionar.

Styrkingstiltak barnehagebarn:

Det er fatta nye vedtak etter § 37 i barnehagelova i løpet av våren 2023, for vår-halvåret utgjør auken kr. 770 000. Desse midlane er overført til kommunale og private barnehagar i april 2022. Dette medfører at vi har brukt 65 % av budsjettet våren 2023. Om alle dei som ikkje skal starte på skulen i august 2023 held fram med same vedtak som i dag vil vi mangle ca. 85 000. Vi må rekne med at det kjem nye vedtak ved nytt barnehageår og varslar eit meirforbruk på 600 000 (av dette 515 000 til nye vedtak). Samla vil dette gå ut over inndekking av demografi-nedtrekket som vil reduserast og vi melder om eit meirforbruk på 2,2 millionar

Tilskot til private barnehagar:

Vi har betalt ut kommunalt tilskot til dei private barnehagane for halve året (6 månader). Tal plassar i private barnehagar reduserast pr august og vi fattar nytt vedtak for nytt barnehageår. Når vi oppdaterer i forhold til hovudopptaket 2023 vil vi spare kr. 7,5 millionar fordi det vil være færre barnehageplassar i bruk i private barnehagar hausten 2023. Dette er situasjonen per i dag , og det kan komme endringar / meiroptak fram til oppstart til hausten. Om status for barnehageplassar i dei private barnehagane for hausten 2023 blir slik det ser ut no vil meirforbruket for 2023 bli omlag 17 millionar.

Meirforbruket er som tidlegare rapportert knytt til auke i tal barn (samanlikna med 2022) kor fleire barnehageplassar aleine utgjør auka kostnad på nærmare 5 millionar. I tillegg kjem endra deflator med meirutgift på over 5 millionar, auka nasjonal sats for kapitaltilskot på over 3 millionar. (Dette er meirutgifter i tillegg til det som blei deflator-kompensert i budsjettet). Vi har nedtrekket på 5 millionar i økonomiplanperioden, grunna forventningar om billegare kommunal barnehagedrift i 2021 enn i 2020 som vi ikkje klarar. Vi arbeidar for å redusere meirutgiftene samla sett på barnehageområdet.

Vi varslar at det ligg ei anna potensiell kostnad knytt til private barnehagar sine krav om dekking av ekstra pensjonstilskot. No når pensjonstilskotet til private barnehagar igjen er redusert vil det være fleire som kan ha krav på dekking av pensjonskostnadar som er høgare enn pensjonspåslaget

Oppsummering tiltak Oppvekst:

Det blir arbeida med tiltak for å redusere meirforbruk på alle område.

- Oppfølging av tiltak i PwC rapport: Vi har starta arbeidet med tiltak SO1: leiing og administrasjon i skulane. Vi skal saman med skuleleiarane og tillitsvalde vurdere om vi kan gjere endringar frå hausten 2023. Dei største endringane knytt til dette punktet vil eventuelt kome som del av skulestrukturendringar.
- Stillingskontroll nyttast aktivt i arbeidet med å vurdere årsverk som blir ledige.

- På skuleområdet arbeidar vi med å justera tal på ekstratildeling til elevar frå hausten 2023. Dette arbeidet skjer i fellesskap mellom skuleeigar, rektorgruppa og økonomiavdelinga.
- Fleire skular har satt i gang tiltak kring vikarbruk/sjukefråvær for å redusere denne kostnaden
- Nokre skular er i gang med omstillingsprosessar for å ta ned bemanning, andre held vakante stillingar ledig
- Familiens hus er i ei overføringsprosess i forhold til bruk av eigne tilsette til samvær og rettleiing til fosterforeldre og foreldre og dette vil ta noko tid ut i det nye året. Det er nyleg avslutta ein dei private tiltak som vil gje reduksjon dei neste månadene på utgifter til private konsulentar. Det er meirforbruk hittil i år, men målet er å halde budsjett for 2023.
- På barnehageområdet vil dei kommunale barnehagane ta ned bemanning i tråd med barnetal frå august 2023.

Tiltak som ikkje blir realisert i 2023:

- Administrasjonen foreslo å leggje ned Holdhus barnehage frå august 2023. Då tal barn i Holdhus hausten 2023 blir lågare enn vi trudde med berre 11 plasser frå august 23, ville innsparringa ved å flytte dei til Jettegryto blitt høgare.

HELSE OG VELFERD

Prognose for 2023: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på 53,5 millionar i 2023.

Prognosen viser omtrent like stort meirforbruk pr mars månad som for februar, men med nokre endringar mellom einingane. Av større tiltak knytt til Omstilling 25 (O25) ser vi ein viss reduksjon variabel løn på Luranetunet, men mindre for dei andre einingane.

Fagstab og fellesutgifter

På fellesområdet til Helse og Velferd ligg ein stor innsparringspott på ca. 33 millionar som etter kvart må fordelast ut til einingane. Før ein kjem i gang med konkrete tiltak vil dette vere eit meirforbruk som ligg samla for sektoren. Det vil bli vurdert å fordele det meste av denne potten ut på einingane basert på tiltaka i O25. Den største potten på 11 mill. kroner er meirutgifter til iverksette vedtak innan BPA-ordninga. Vidare er det meirutgifter til høgare tillegg for dei som går i turnus, dette er frå sentrale framforhandla avtaler. Dette utgjør om lag 7 mill. kroner.

Andre meirutgifter som ligg i denne sentrale potten er vedtak på omfattande avlastningstiltak på heimebuande med 4 mill. kroner, og tiltak i barnebustad på Varafjell med 4 mill. kroner. Vidare er inndekking av høgare lønsutgifter samla her.

Avdeling for forvaltning og bustad

På denne avdelinga er det ei prognose på 2 millionar kroner i meirforbruk, uendra frå februar månad. Årsaka til meirforbruket er høgare aktivitet på tildeling støttekontaktar enn budsjettert.

Legevakt og legetenester

Meirforbruket på Legetenester er redusert frå 6 millionar til 4 millionar. Det er knytt usikkerheit til dette, men auka inntekter og justerte utgifter ligg til grunn for justeringane. Meirforbruket skuldast i hovudsak at nordsjø-turnus i avd Legevakt koste ca. 3.5 mil netto. Vidare har eininga ein del dyre lege-avtaler, desse er til revidering og ein avtale utgår i løpet av hausten.

Helsefremming og rehabilitering

Denne eininga er no lagt ned, og bemanninga er overført til andre einingar i sektoren. Omklassering av overtalige tilsette er under arbeid.

NAV

Ingen endringar i høve prognosen for februar. Eininga ligg foreløpig an til å drifte i balanse, men auke i sosialhjelpsutbetalingar knytt til psykisk helse og rus kan bli ei utfordring. Mellom anna er nytt regelverk i Bergen gjer at mellombels bu-tilbod der ikkje lengre kan nyttast av omliggjande kommunar. Det er påløpt ekstraavgifter relatert til mottak av flyktningar, desse vil bli refundert frå integreringstilskotet.

Psykisk Helse og Rus

Ingen endringar i høve prognosen for februar. Det er forventa meiravgifter på 1 mill. kroner knytt til tenester på Askviknes og ambulerande tenester.

Luranetunet

Prognosen er redusert frå 11 til 10 mill. kroner. Dette skuldast effekten av redusert inntak av vikarar. Samla meirforbruk skuldast i hovudsak høgt sjukefråvær i vinter, men og utfordringa med å bemanne nattevaktene - noko som fører til overtid. Vidare er det forhold ved brukarane som til dømes bebuarar med demens sjukdom og høg grad av APSD (atferdsforstyrrelser og psykiske symptom ved demens) som legg press på utgiftene. Talet på pasientar og bebuarar med slike utfordringar ser vi er aukande.

Heimetenesta Os

Det er ikkje forventa meirforbruk på denne eininga, den same prognosen som for februar.

Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenestene i Fusa

Her er det forventa meirforbruk på 1,5 millionar kroner, ei auke frå februar der det var forventa at eininga ville gå i balanse. Årsakene til forventa meiravgifter er høgt sjukefråvær i vinter. Sjølv om ein har gått med redusert bemanning har det ført til meiravgifter.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester forventar eit meirforbruk på 2 millionar kroner, ei auke frå drift i balanse i februar. Årsakene til meirforbruket er etablering av eit nytt omfattande tiltak, deler av meiravgiftene vil bli dekkja utifrå refusjon ressurskrevjande brukarar. Vidare har det vore høgt sjukefråvær i vinter, som har ført til auka vikarbehov. Eininga er på god veg med å implementere nye turnusar basert på O25.

SAMFUNNSUTVIKLING

Prognose for 2023: Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på 1,4 mill. kr.

Foreløpige utfordringar på samfunn er Bjørnafjorden Brann og redning (BBR) og Samferdsle. Vintermånadene slår hardt inn på rekneskapen ifht vintervedlikehold. Det er for tidleg å si noko om hele året, men anslag er 2 mill. overforbruk. Når det gjelder BBR så har dei eit innsparingskrav på 1,5 mill. Det er forventai effektar av endringar framover men det tar tid å endre drift. BBR har også oppgradering av 110 sentral og usikkerheten rundt totale kostnader med dette.

Antar overforbruk på BBR på kr 1.5 mill. og samferdsle på kr 2 mill.

Foreløpig synes vi å ha ei meirinntekt på sal av konsesjonskraft på kr 1 mill. Antar vidare at eigedom klarer generelle innsparingar på kr 0.5 mill., tillegg har SNM innsparing på at miljø-rådgivar har sagt opp, ca. kr 0.6 mill.

Omfordeling av inntekter på konsesjonskraft er også usikkert.

Bjørnafjorden, den 26.04.2023
Ingrid Karin Kaalaas

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Økonomisjef